

# Skulebileta som historisk kjeldemateriale

Mange trur gjerne at eldre skulebilete først og fremst har affeksjonsverdi for eigarane eller for andre som har eldre slektningar på desse fotografia. Slik er det ikkje. Sidan skulebileta faktisk representerer store, nasjonale einstypeseriar har dei også stor verdi som historisk kjeldemateriale. Det viktigaste fagområdet for desse fotografia er drakthistorie i vid forstand. Skulebileta dokumenterer lokale sundags- og skuleklede og skotypar frå 1880-åra og framover. Dermed fortel dei også om lokale handverkstradisjonar.



Elevane ved Bjerkreim skule i 1946 med lærarane Hanna Mykjedal (t.v.) og Klaus Bjerkreim (t.h.). Om vi kunne samanlikna dette biletet med tilsvarende skulebilete frå 1946 frå alle kommunane i fylket, ville vi sjå at klesskikkane var ulike frå distrikt til distrikt, og mellom by og land. I dag kler skulebarna seg likt i heile fylket. Elevane i Bjerkreim merka seg truleg ut i 1946 når det galdt bruk av selbusokkar. Foto: Ukjend, truleg J. W. Eskildsen, Egersund eller Carl J. Olsen, Stavanger.

Då elevane ved Bjerkreim skule fotograferte seg utafør skulen sin i 1946, hadde dei skulekleda eller sundagskleda på seg. For gutane ville dette seia heimesydd trøye eller spøtakufte og nikkars eller knebukse. Før dei vart konfirmerte, gjekk alle gutar i knebukser eller korte bukser. Jentene hadde heimesydd kjole og spøtajakke eller kufte. Det det som særmerker klesmoten på dette fotografiet samanlikna med tilsvarende frå andre kommunar, er nettopp kuftene og særleg selbusokkane.

Både gutar og jenter i Bjerkreim hadde lange spøtasokkar med selbumønster. Selbusokkar var ein spesiell mote i sauekommunen Bjerkreim på den tida. Men desse var til sundagsbruk. Kuffer i mønsterspøt slik vi kjenner dei frå seinare år, vart først vanlege som daglegplagg i 1950-åra. Derfor vil vi sjå av skulebileta frå midten av 1950-åra og framover til i slutten av 1960-åra, at så å seia alle skulebarna på landsbygda i Rogaland hadde kuffer.

Tekst: Lisabet Risa, Statsarkivet i Stavanger. Vil du lesa meir om eldre skulebilete, kan du gå til artikkelen med same namn på: [www.fotonettverk-rogaland.no](http://www.fotonettverk-rogaland.no)